

Norges vassdrags- og energidirektorat

Dato: 11.12.2014  
Vår ref.: 2014/23225-3  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

## Fråsegn om overføring av Krokattjørn til Torfinnsvatn i Voss kommune

Vi viser til brev dagsett 10. september 2014 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn om Voss Energi sin søknad om løyve til å overføre Krokattjørn til Torfinnsvatn i Voss kommune.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama sak 289/14 på møte 4. desember 2014 og vedtok følgjande fråsegn:

- 1. Fylkesutvalet rår til overføring av Krokattjørn til Torfinnsvatnet.*
- 2. Før konsesjon kan gjevast må det ligga føre ei kulturminneregistrering, jf. kulturminnelova § 9, og resultatet av denne må vere del av grunnlaget til ein eventuell konsesjon.*
- 3. Utbygginga er i eit sårbart høgfjellsområde med mykje friluftsliv. Det må stillast høge krav til utforming av dei tekniske installasjonane og anleggsarbeidet for å hindre sår i landskapet.*
- 4. Fiske etter aure i vatna er ein viktig del av friluftslivet i området. Utbyggar må syte for gode fiskevatn, ved å setje ut fisk og leggje til rette for gyting. Vatna skal undersøkjast jamleg og utsetjing tilpassast for å hindre for små eller for store populasjonar av fisk.*

Vedlagt følgjer kopi av saksframlegg frå møte i Fylkesutvalet 4. desember og Kultur- og ressursutvalet 2. desember.

Gudrun Mathisen  
leiar

Tale Halsør  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Anne Karine Herland